



Ragnhild Tredal
Leiknesvegen 134
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/460 - 16/22372

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2016

Gbnr 111/1 Skårnes. Svar på førespurnad om Lindås kommunen si handsaming av søknad om deling av areal til fritidseigedommar.

Det vert synt til «Klage til Lindås kommune om innspel til reguleringsplan» datert 5.februar 2016, vidare til e-postar sendt 28.juli 2016, der det vert etterlyst svar på ein søknad om deling av areal til hyttetomtar, samt til e-post om desse sakene sendt til medlemmane i Plan- og miljøutvalet datert 1.august 2016.

Saka gjeld:

På vegne av 4 søskjen er det søkt om løyve til dele frå eit areal til fritidsføremål. Arealet det gjeld, ligg på gbnr. 111/1 heilt nord på eigedommen i grensa mot 111/4. Søknaden vart teke imot i februar 2016. I samband med rullering av kommunedelplanen for Lygra og Lindåsosane, vart det sendt innspel om få på plass eit areal til desse no omsøkte hyttetomtene. Innspelet vart ikkje godkjend fordi det kom for seint inn. Søker vart råda til å søkje om dispensasjon.

Samstundes med søknad om deling no, kom det og inn klage på kommunen si handsaming av innspelet til rullering av kommunedelplanen.

Det er svar på desse henvendingane til kommunen som no vert etterlyst i fleire e-postar.

Kommunen si handsaming av søknad og klage:

Søknaden om deling vart då den kom inn, diskutert mellom leiaren for planavdelinga og sakshandsamar som har ansvar for dispensasjons- og delingssaker.

Slik ein såg søknaden var det ikkje grunnlag for å godkjenne fire tomter som dispensasjonssak. Dette er grunngjeve med gjeldande plan, omsynet til landbruk, og omfanget på søknaden.

For å sjå om det kunne finnast rom for ei løysing var planavdelinga på synfaring 14/3-2016. Føremålet var å sjå på mogeleg plassering av eit lite regulert hytteområde, og eventuell framføring av veg til staden. Det var Terje Villanger og Eli Bjørklid som var på synfaring. Det ligg føre referat frå turen.

Konklusjonen var at det er mogeleg å finne rom for eit lite hyttefelt og det kan løysast ut med veg. Område og veg er synt på eit kart.



Etter synfaring vart det gjeve råd til søker om at denne saka kunne finne si løysing dersom det vart søkt om løyve til privat reguleringsplan for det området som vart påvist ved synfaring.

Det har vore møte med søker der eventuell vidare arbeid med ein privat reguleringsplan har vore diskutert. Søknad om løyve til oppstart av arbeid med privat reguleringsplan ligg føre. Den er datert 30.07.2016 og er stila til plan- og miljøutvalet.

Denne søkanden er ikkje førebudd for handsaming i utvalet i møtet som kjem 31.08.2016.

Konklusjon:

Slik kommunen ser det, har både søknad om deling og klagen over manglende respons på innspel til rullering av kommunedelplanen, fått svar i og med synfaring, rapport, møte og til sist semje om at denne saka berre kan få si løysing gjennom arbeidet med privat reguleringsplan og evenuell godkjenning av ein slik plan. Første skritt på vegen er vedtak om at slikt arbeid med privat reguleringsplan kan startast opp.

Kommunen seier seg lei for at det ikkje har komme formelt brev om dette, slik at søker kunne sjå samanhengen mellom søknad om deling og den private reguleringsplanen.

Kommunen vonar dette brevet kan klargjere saksgangen i kommunen.

Dersom det ikkje vert gjeve løyve til å starte arbeidet med privat reguleringsplan, slik det no er søkt om, står tiltakshavar fritt til å sende ny søknad om dispensasjon og deling, som kommunen då vil handsame på ordinær måte. Det vil seie med høyring hjå fylkesmannen og politisk handsaming.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ragnhild Tredal

Leiknesvegen 134 5915

HJELMÅS